

Fra: Vangdal, Astrid[Astrid.Vangdal@multiconsult.no]

Sendt: 31.08.2025 18:52:14

Til: Svein Åge Vangdal @gmail.com; Ole O. Jacobsen Trelast; Arve Femsteinevik; Elise Marie Stava Vangdal @outlook.com; Jarle Andresen; Ingo Beyer[svein. age.vangdal@gmail.com; ole@3last.no; arve.3last@gmail.com; elisemsvangdal@outlook.com; jarle.andresen@suppler.no; ingo.beyer@kvinnherad.kommune.no]

Kopi: Sund, Janet Korneliussen[janet.korneliussen.sund@multiconsult.no]; Åsheim, Torunn[torunn.asheim@multiconsult.no]; Almenningen, Leah[Leah.Almenningen@multiconsult.no];

Tittel: Status moglegheitsstudie Hatlestrand

Hei,

Me ønskjer å gi ei kort oppdatering på arbeidet med moglegheitsstudia for Hatlestrand.

Me er i gang med å utarbeide to oversiktskart som viser to ulike alternativ/konsept. Neste steg i prosessen er å ferdigstille desse og få dei illustrert, noko me planlegg å starte med i løpet av dei komande vekene. Leveransen er førebels planlagt til veke 38.

Under finn de ei oppsummering av kva me arbeider med, samt nokre utsnitt av vegteikningar. Desse vil inngå i anten alternativ 1 eller alternativ 2 (eller begge to).

Alternativ 1: Kva er mogleg innanfor gjeldande reguleringsplan?


Her vurderer me kva som kan gjennomførast på eit tidleg stadium, utan behov for omfattande inngrep i området. Vile Kothala har gjennomført ein moglegheitsstudie som følgjer reguleringsplanen til punkt og prikke, og dette ser me på som eit godt døme på full utbygging etter reguleringsplanen. Me ønskjer å vise kva som kan byggast på kort sikt, til dømes utan utfylling i sjø.

Alternativ 2: Kva kunne vore endra i reguleringsplanen?

Her tenkjer me nytt, men samstundes realistisk. Gjeldande reguleringsplan ligg til grunn, men me foreslår nokre endringar. Til dømes kan båtlagsparkering og veg bytte plass for å kople parkering nærare ny plassering av Spar-butikken i Bolandsvågen.



Utsnitt av vegteikningar:


Oversiktskart



Ferjekaien, parkeringsareal i Bolandsvågen og butikken

- Me har sett på tiltak for å betre tilhøva for gåande ved butikken og ferjekaien.
- På sikt kan det vurderast om bustadfelta i hamna skal få tilkomst via annan veg enn ferjekaien.
- Parkeringsarealet i Bolandsvågen kan strammast opp med vegetasjon som hindrar at store køyretøy parkerer der.
- Sjå ellers i kartutsnitta for andre tiltak.





Kva tenkjer de? Høyrest dette greitt ut?
Gjerne vidaresend til mailadresser eg ikkje har, for eksempel til Erling.

Med venleg helsing

ASTRID VANGDAL
Energi og Industri, Region vest
Arealplanleggjar/Arkitekt, Stord

(+47) 91 91 30 98 | asv@multiconsult.no
www.multiconsult.no

Multiconsult

I 2025 er me stolt hovudsamarbeidspartnar i Stord Næringsråd | Les meir [her](#).